



Haugen Barnehage
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1728 - 17/32844

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
20.11.2017

Rapport frå tilsyn i Haugen barnehage 14.11.2017

Haugen barnehage er ein kommunal barnehage som er eigd og vert driven av Lindås kommune. Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Haugen barnehage der temaet var, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst .*

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova og forskrift.

Før tilsynet vart gjennomført ba Lindås kommune om å få tilsendt fylgjande dokumentasjon:

- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon i høve til tema språk og kommunikasjon.
- Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.
- Kompetanseplanar.

Formålet med tilsyn/rettslege krav

§ 16. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.

Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjeningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.

I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.



Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn.

I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 19.10.2017 og som vart gjennomført 14.11.2017.

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det er også gjennomført synfaring i barnehagen og intervju / samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personer som vart intervju i tilsynet :

| Namn | Stilling |
|------------------|---------------------------|
| Kate Klementsens | Styrar |
| Eva Rognaldsen | Pedagogisk leiar |
| Linda Bergås | Assistent |
| Anna Nordlund | Foreldrerepresentant |
| Maren Warberg | Barne- og ungdomsarbeidar |

Tilsynet var gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Åshild Hope Herland, Austrheim kommune.

Våre vurderingar

I tilsynsbesøket møtte tilsynsmynde representantar frå dei ulike yrkesgruppene i barnehagen. På den måten fekk ein som mynde ei oversikt over kva kompetanse som er i personalgruppa. Gjennom synfaring på alle avdelingane fekk ein sjå korleis dei la til rette for eit godt språkmiljø.

I Haugen barnehage er lek og språk satsingsområda. Barnehagen jobbar med DUÅ, og er med i prosjektet *kompetanse for mangfald*, der dei har fokus på foreldresamarbeid. Barnehagen har tatt i bruk landplakatar som viser alle nasjonalitatane på kvar avdeling.

På alle avdelingane vektla dei språkarbeidet, tilpassa etter alder:

- Snakka mykje med barna, mykje god dialog. Språk og kommunikasjon er med i alt me gjer, sa ein av dei tilsette.

- Dialogisk lesing, særleg på småbarnsvedeljinga. Alle avdelingane vil ha større fokus på dette etter nyttår.
- Mykje song. Nytt teikn til tale som forsterking. Sender heim *teikn* slik at foreldre vert kjende med vekas / månadens teikn.
- Bruk av bilete som forsterking av språket.
- Les for barna, sit i smågrupper. Laga «gode grupper». Har bøker på fleire språk.
- Barnehagen nyttar *Tras* til alle barna.
- Alle avdelingane har fokus på DUÅ, dette vart positivt omtalt. Etter kvart er det ønskje om å innføre Dinosauruskulen.
- På avdelingsmøta er arbeid med språk fast tema.

I samtale med foreldrerepresentanten kom det fram at ho var godt nøgd med Haugen barnehage. Det same er mange andre foreldre, sa ho. Foreldrerepresentanten peika på at tilvenninga til ny avdeling var veldig bra, foreldre fekk bruke den tida dei trong. Ei fleirkulturell barnegruppe er positivt, det same er bruk av DUÅ og teikn til tale, sa representanten. Haugen barnehage nyttar Vigilo til kommunikasjon med foreldre. Dette er udelt positivt.

Det kom fram i tilsynet at sjølv om alle avdelingane hadde mål om å jobbe med dialogisk lesing, var ikkje dette implementert like godt over alt. På småbarnavdelinga var dei kome lengst, men det var særleg ein tilsett som jobba med dette. Målet må vere at alle dei tilsette i Haugen barnehage lærer metoden, visst ikkje er dette personavhengig, og kan lett bli borte. Dersom alle jobbar med same metode vil det kunne sikre progresjon i språkarbeidet.

På stor avdeling kom det fram at dei burde sjå på rutinar i matsituasjonen. For å sikre den gode samtalen rundt bordet, bør det vere ein vaksen ved kvart bord. På grunn av pauseavvikling var det ikkje alltid slik. Dette kunne føre til uro og stress i matsituasjonen. Her må barnehagen vurdere nye rutinar i høve avvikling av pausar.

Når ein les årsplane til Haugen barnehagen, er det vanskeleg å få auge på alt det gode arbeidet som vart gjort. Styrar vart oppfordra til å vere meir konkret når neste årsplan skal skrivast. Lindås kommune er språkkommune. Språk er tema i alle styrarsamlingar, og vil såleis stå på dagorden jamleg. Gjennom deltaking på styrarsamlingane vil styrar i Haugen barnehage få påfyll og vere orientert om språkarbeidet og prioriteringane frå kommunen.

Konklusjon

Etter tilsyn i Haugen barnehage 14.11.2017 ser ein at det vert jobba godt med språk og kommunikasjon på alle avdelingane. For å sikre at arbeidet med språk i barnehagen vert ein naturleg del av arbeidet som skal vidareførast i skulen, rår tilsynsmynde til at barnehagen jobbar meir systematisk med dialogisk lesing på alle avdelingane. Dialogisk lesing og metodane som vert nytta i leseopplæringa i 1.klasse byggjer på same prinsipp, og ein vil på den måten betre sikre progresjon. Tilsynsmynde orientert om bruk av leselogg for å sikre at alle barn vert lese for. Forsking viser at det vert lese meir for jenter enn for gutar i barnehagen.

Barnehagen må og arbeide med å finne ei god form på måltida for å sikre at desse vert gode samtalestunder.

Samsvar med Barnehagelova

Tilsynsnemnda har i tilsyn med Haugen barnehage ikkje avdekka lovbrøt.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Haugen Barnehage

5914

ISDALSTØ